



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
07.03.2014
Dykkar dato
19.02.2014

Vår referanse
2007/2654 - 561
Dykkar referanse
201305871

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til søknad om planendring av Vikaelva kraftverk, Stryn kommune

Vi viser til oversendinga datert 19.2.2014.

Fylkesmannen rår i frå søknaden om å få redusere minstevassføringskravet for Vikaelva kraftverk. Vi meiner den konsesjonsfastsette minstevassføringa er eit nødvendig tiltak for å avbøte skade på vasstilknytt flora og fauna i og ved Vikaelva.

Vikaelva kraftverk søker om å få redusert minstevassføringskravet frå 200 l/s til 127 l/s i sommarhalvåret og frå 50 l/s til 32 l/s i vinterhalvåret. Tiltakshavar meiner at det ikkje er rett at minstevassføringa også skal vere basert den vestlige delen av nedbørfeltet som er overført til Svingesetvatnet, og som enno ikkje er tilbakeført til Vikaelva.

Fylkesmannen skal vurdere om kjende allmenne interesser kan verte råka, og i tillegg vurdere tiltaket etter lakse- og innlandsfiskloven og ureiningslova. Vidare legg vi vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

I konsesjonsprosessen føresette vi ei minstevassføring på 5-persentilnivå for å avbøte skadane på vasstilknytt flora og fauna. I konsesjonsdokumentet er nivået oppgjeve å vere 236 l/s i sommarhalvåret og 48 l/s i vinterhalvåret. Vilåret i konsesjonen er dermed sett noko lågare enn (sommar) eller om lag som (vinteren) det vi tilrådte. Den fastsette minstevassføringa vart lagt til grunn for ikkje å sette krav om omlaupsventil.

Vi vil understreke at minstevassføringa skal avbøte skade på vasstilknytt flora og fauna, og nivået er fastsett etter ei heilskapleg avveging av ulike samfunnsinteresser. Etter vår vurdering er det rett å leggje til grunn tilstanden før overføringa av delar av nedbørfeltet, slik NVE har gjort i berekningane for Vikaelva kraftverk. Vi har i tilsvarande kraftreguleringssaker i allereie utbygde vassdrag fleire gonger etterlyst nettopp at det naturlege nedslagsfeltet, og ikkje eit eventuelt restfelt, skal gje grunnlag for vassføringsberekningar og fastsetjing av minstevassføring. Korleis kraftselskap vil fordele vatn mellom seg kan etter vår vurdering ikkje vektleggjast.

Vassforskrifta har som mål at alle vassførekomstar i Noreg skal ha minimum god økologiskstatus. I tilstandsklassifiseringa etter vassforskrifta er Vikaelva i tilstandsklasse «God økologisk tilstand». Forskrifta opnar ikkje for at det kan utførast tiltak som gjer at tilstanden vert dårlegare, med mindre det kan være grunnlag for unntak i tråd med § 12.

Redusert minstevassføring i høve til det som vart vurdert som akseptabelt i konsesjonen vil føre til ytterlegare negativ påverknad på det biologiske mangfaldet, og kan gje ein dårlegare tilstandsklasse.

Med helsing

Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Stryn kommune